Fra: DoNotReply@h4.custompublish.com [DoNotReply@h4.custompublish.com]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 13.11.2016 00:23:42
Emne: Regionreforma på Vestlandet - reply 1850061
Vedlegg: reply20161113002342.xml

Namn / organisasjon:	Sigbjørn Løland Torpe
E-post:	sigbjorntorpe@yahoo.no
Tlf.:	90967370
Høyringsfråsegn:	Eg syner til omtalen til Intensjonsavtalen til regionsreforma. Og eg har følgjande merknad til den. Innhald Innhaldsmessig ber avtalen prega rundeformuleringar, mange overskrifter, og skriven i stikkordform. Den er liten konkret, den seier lite konkret om gjennomføringsgrad, og om å skaping av regionaldemokrati.Det seier den lite om korleis skape meir demokrati ved å slå seg saman. Dette er sider som er vesentleg som burde kome meir fram. Hensikta med reforma? Det er ein intensjonsavtale som har ei rekkje manglar substans fordi den ikkje er tydleg på kva den vil, den seier lite om kva som er poenga med å gjennom reforma, kvifor ein i heile tatt skal slå seg saman med dei andre fylka. Eg stiller og spørsmålet ved kva er poenget med å byte namnet frå fylke til region, i praksis eitt storfylke. Nynorsk Nynorsk vert ei forhandlingssak sidan Rogaland har stilt seg på bakbeina. Det står lite om den. Vert ikkje nynorsk administrasjonsspråket, så må Sogn og Fjordane bryte avtalen og å ikkje bli med i den nye storfylket. Vil verkeleg Sogn og Fjordane vere med på dette prosjektet. Vinn fylket noko særleg med å vere med når Bergen i praksis vert den nye hovudstaden? Går Sogn og Fjordane inn i storregionen så kjem det til å verte eit småbruk med lita innflytelse. I realiteten så er denne reforma ei sentraliseringsreform når spørsmål om innsparing og nedlegging av fylkeskommunale verksemder som ulike kulturinstitusjonar som musea, teater, vidaregåande skular etc. Når det gjeld fordeling og gjennomføringa av samferdsleprosjekt så er det fare for at dette fylket kjem til å stå bakerst i køen i konkurransen med dei andre fylka. Når denne avtalen er mager på konkretisering av innhald og gjennomføring. Så er det ingen god ide om Sogn og Fjordane

og Hordaland slår seg hop.

Engasjement?
Prosessen kring forhandlingane har vore så og sei lukka, det skuldast og at dette er ei sak som ikkje engasjerer folk, og dei folkevalde har heller ikkje vore tydleg i denne saka. Den ber og preg av å vere eit hastverk-tiltak. Når engasjementet er vekk vert ikkje det ei god reform.

Er dette arbeidet godt nok?
Om eg skulle gjort ei fagleg vurdering av innhald, så må eg innrømme at eg ikkje kunne ha levert ei slik avhandling som denne intensjonsavtalen korkje til ein vidaregåande elle høgare utdanningsinstitusjon. Fordi eg tykkjer ikkje den faglege kvalitet i dette arbeidet er ikkje tilfredstillande når framstillinga er ukonkret med eit innhald med mange vesentleg manglar.

Oppsummering og konklusjon
Det er tydleg at konsekvensar med ei samanslåing ikkje har vore problematisert. Dette er ein avtale som ber preg av manglande substans. Den er difor ikkje akseptabel avtale å gå vidare på. Den vil neppe fremje meir demokrati, den vi skape geografiske avstandar og i praksis vere ei sentraliseringsreform som er toppstyrt. Så kvifor slå seg i hop når fordelane er vesentleg mindre enn ulempene?
Sogn og Fjordane bør halde fram som eiga fylke og skape identitet.

Cat	385761
Id	5920868
Cpformid	15411

http://www.sfj.no/?cat85761&idY20868
Unique ID: 1850061
Time: 2016-11-13 00:23:42
IP: 129.177.202.175

XML data is attached to this e-mail.